

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Store Ringheim, Voss  
**Dato:** 30.11.2016  
**Tidspunkt:** 09:30 – 14:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Turvoll	Leder	VIK
Karen Marie Hjelmseter	Medlem	SFFK
Liv Anne Aanesen	Medlem	MODA

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Frode Merkesvik	MEDL	HØY
Sigbjørn Hauge	NESTLEIAR	VOSS
Inger Ulvund	MEDL	HOFK

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bjørg Djukastein	Sigbjørn Hauge	VOSS

---

## Merknader

Bjørg Djukastein deltok på møte i sak 15/16 og 16/16. Karen Marie Hjelmseter deltok på møte pr. telefon i sak 17/16 og 18/16.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

## Andre:

Kristoffer Ullern Hansen	SNO Aurland
Veronika Seim Bech	Landbrukssjef Vik kommune
Nils Kvamme	Naturoppsyn

## Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk signert av:

Olav Turvoll

Liv-Anne Aanesen

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 13/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 14/16	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 15/16	Stølsheimen landskapsvernområde - ny bru over Dårlegelva		2016/3073
ST 16/16	Revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde - godkjenning etter høyring		2012/2321
ST 17/16	Stølsheimen landskapsvernområde - Tiltaksplan og bestilling av tenester av SNO i 2017		2016/4043
ST 18/16	Stølsheimen landskapsvernområde - drift av styret 2017		2014/46
DS 5/16	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter ved Hanekamstølen		2016/2161
DS 6/16	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter ved gjetarbua i Dyrebotn		2016/2218
DS 7/16	Stølsheimen landskapsvernområde - søknad om motorferdsel frå Ortnevik - Fitjane til stølshytte i Fitjebotn - Harald Frode Mårstig		2016/2879
DS 8/16	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter i Raudbergdalen for transport av materiale		2016/3072
DS 9/16	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter i Vassøyane i samband inspeksjon av betongdam		2016/3088
RS 2/16	Stølsheimen landskapsvernområde -svar på førespurnad om bruk av drone for filming i Stølsheimen		2016/2184
RS 3/16	Signert avtale mellom Strendene grunneigarlag og Bergen og Hordaland turlag - bru ved		2012/3147

	Alrekstølen	
RS 4/16	Stølsheimen landskapsvernområde - vedr. brua over elva ved Alrekstølen	2012/3147
RS 5/16	Referat frå møte i fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen landskapsvernområde 17. og 18. oktober 2016	2014/2661

**Andre saker:**

Orientering om delegering av myndigheit etter naturmangfaldlova §§ 69, 70 71 og 73, oppretting av ulovlege tiltak m.m.

Orientering frå Nasjonalparkkonferansen 8. – 9. november 2016 i Trondheim

## **ST 13/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 30.11.2016**

### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **ST 14/16 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 30.11.2016**

### **Vedtak**

Liv-Anne Aanesen vart valt til å skriva under møteprotokoll 30.11.2016 saman med styreleiar.

Arkivsaksnr: 2016/3073-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 04.11.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	15/16	30.11.2016

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - ny bru over Dårlegelva

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 30.11.2016

#### Handsaming i møte

Det kom innspel frå grunneigarane i Solrenningane om at dei ynskte ei synfaring for å sjå på stitraseen mellom Solrenningane og Ålrekelvi, og plassering av bru over Dårlegelvi. Styret utset saka til styret eller forvalta har vore på synfaring i området saman med grunneigarane og turlaget. Synfaringa skal gjennomførast så snart det er snøfritt i området neste år.

#### Vedtak

Saka er utsett.

#### Innstilling frå forvaltar

1. Bergen og Hordaland turlag får løyve til å bygge ny bru over Dårlegelva ved Solrenningen i Stølsheimen landskapsvernomsråde, i tråd med søknad datert 23.08.2016. Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta punkt IV nr. 5 og gjeld på desse vilkåra:
  - Brua skal ha same plassering som den gamle brua.
  - Brua skal byggast slik skisse og søknad syner, med H-bjelkar i metall og lause trelemmar.
  - Sjølve brua skal ikkje vere større enn det som vert synt i søknaden (0,8 x 9 m), men det kan byggast trapp eller anna «oppgong» til sjølve brua.
  - Det kan støypast fundament i betong til brua. Desse skal blendast eller skjulast dersom det er mogeleg.
  - Den gamle brua, restar av gammalt fundament, søppel og restar etter bygginga skal ryddast vekk og fjernast frå verneområdet.

- Etter at ny bru er på plass skal tiltaket dokumenterast med bilete og rapport som vert sendt til verneområdeforvaltaren.
  - Eventuell motorferdsel for transport av materialar og utstyr i samband med bygginga må søkjast om jamfør verneforskrifta.
  - Det må innhentast samtykke frå grunneigarar før arbeidet startar opp.
2. Stølsheimen verneområdestyre fører brua opp på lista over tiltak som er aktuelle for investeringsmidlar gjennom bestillingsdialogen for 2017.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Bergen og Hordaland turlag om midlar til ny bru over Dårlegelva, 23.08.2016

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde - Rapport nr. 4-2011, *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bergen og Hordaland turlag søkjer om å få sette opp ny bru over Dårlegelva ved Solrenningen i Stølsheimen landskapsvernområde. Den brua som er der i dag har fått ein del skader gjennom førre vinter, er i dårleg forfatning og må rustast opp.


Til ny bru er det tenkt å støype betongfundament på begge sider av elva. Mellom desse skal det leggst to permanente H-bjelkar i stål (lengde 9 m), og so skal det leggst lause trelemmar på desse (breidde 80 cm) som kan takast vekk om vinteren. Det skal ikkje byggast rekkverk.

Bergen og Hordaland turlag søkjer og om støtte frå styret sine tiltaksmidlar for 2017 til dette tiltaket. Dei har presentert eit budsjett på omlag kr 44.000,- for brua. Der er 33.000,- utgifter til materialar og transport, medan 11.000,- er estimert verdi av dugnadsarbeid.

## Lovgrunnlaget

*«Føremålet med vern Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske»* jf. punkt III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter *«så som ..fjerning og inngrep i faste kulturminne frå nyare tid, så som bygningar, vegar, gamle kve m.m...»* jf. punkt IV nr.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til *«Oppmerking av nye turistruter, bygging av klopper, oppsetting av vegvisar mv.»* jf. punkt VI nr. 5 i verneforskrifta.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



Utklipp frå Fylkesatlas

## Vurdering

Vedlikehald av eksisterande infrastruktur treng ein ikkje søke om, men nye stiar og oppgradering av infrastruktur er søknadspliktig. Her er det snakk om å rive ned ei gammal bru og bygge opp ei ny og meir solid bru. Det skal dessutan støypast nye fundament i betong, noko som gjer den nye brua til eit meir omfattande inngrep. Vi snakkar då om oppgradering av brua, og tiltaket er derfor søknadspliktig.

Friluftsliv er ein viktig aktivitet i Stølsheimen landskapsvernområde, og forvaltningsstyresmakta med fleire jobbar jamleg med å legge til rette for trygg og god ferdsel i verneområdet. Her er eit godt utvikla løypenett og fleire stader er det bygd bruer, kloppar og andre innretningar for å trygge ferdsla. Vedlikehald og reparasjonar av desse er viktige og gode tiltak som forvaltningsstyresmakta vil legge til rette for innanfor rammene som vernereglane set.

Brua over Dårlegelva ligg langs DNT sitt merka løypenett, om lag 1 km frå DNT-hytta Solrenningen. Brua er merka av på kart i 1:50.000-serien. Forvaltninga kjenner dette området godt gjennom fleire saker og synfaringar som har vore her (jamfør nml § 8 om kunnskapsgrunnlaget). Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt i saka.

Skisse og opplegg for ny bru som Bergen og Hordaland turlag har presentert står fram som gode, fornuftige og robuste løysingar. Støyping av fundament vil føre til eit varig inngrep og ein må vurdere om dette er naudsynt. Bilete av den eksisterande brua syner både bru og fundament som verken ser særleg solid eller særleg pent ut. Ei viss oppgradering her vil derfor vere på sin plass, sjølv om inngrepet vert meir varig. Brua ligg uansett i eit område (Solrenningen) med fleire bygningar som derfor er prega av inngrep frå før, og langs ein merka sti. Den samla belastninga av tiltaket (jf. nml § 10) vert vurdert til å vere innanfor det som er akseptabelt. Ny bru skal setjast opp på same staden som den gamle brua har vore. Dette er vurdert som ei god plassering.

Materialbruk og arbeidsmetode er vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet (jf. nml. § 12). Nml §§ 11 er vurdert som ikkje aktuell i denne saka.

Bergen og Hordaland turlag søker og om midlar frå styret sine tiltaksmidlar til utbetring av brua. Dei har sett opp eit budsjett på kr 44.000,- der kr 33.000,- av desse er utgifter til materialar og transport. Verneområdestyret veit enno ikkje kor mykje tiltaksmidlar som vert tildelt for 2017 og kan soleis ikkje tildele midlar no. Styret kan derimot sette tiltaket opp på lista over tiltak som er aktuelle for bestillingsdialog for 2017 som skal meldast inn til Miljødirektoratet rett over nyttår.

Dersom tiltakshavar vil nytte motorisert ferdsel for å transportere materialar og utstyr til bygginga inn til Dårlegelva, må dette søkjast om.



Arkivsaksnr: 2012/2321-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 14.11.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	16/16	30.11.2016

## Revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernomsråde – godkjenning etter høyring

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 30.11.2016

#### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre godkjenner «Framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernomsråde» med fylgjande endringar:

- Endring av kapittel 6.9. Friluftsliv under retningslinjer; Skilje T-merking og varding. Nye vardar kan setjast opp etter løyve på ruter der det har vore vardar historisk sett, og når det er naudsynt av omsyn til tryggleiken.
- Under retningslinjer i kapittel 6.9. Friluftsliv; Det bør vurderast universal utforming på enkelte stiar i verneområdet og innfallsportane.
- I besøksstrategien som skal utarbeidast for verneområdet, må det vurderast kva område som bør tilretteleggjast som innfallsportar.
- Sykling og nye former for friluftsliv kan kommenterast under kapittel 6.9. Friluftsliv; Det bør vurderast om det er område som er særleg sårbare for ferdsel med sykkel, og om det bør tilretteleggjast for eigne sykkeløyper. Dette er tema som bør vurderast i ein sårbarheitsanalyse i samband med besøksstrategien.
- Droner kan omtalast under kapittel 6.15. Overskrifta på kapittelet vert endra til «Ureining, avfall og støy».
- Under retningslinjer i kapittel 6.7. Bygningar, kan teksten endrast med felles toalett der avstandane ikkje er for store.
- Tiltaksplan skal oppdaterast etter innspel i høyringa, og periode for tiltaksplan skal endrast til 2017 - 2020.

Verneområdeforvaltar kan ferdigstillast framlegget til forvaltningsplan med dei godkjende endringane og senda planen til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning.

### **Innstilling frå forvaltar**

Stølsheimen verneområdestyre godkjenner «Framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde» med fylgjande endringar:

- Endring av kapittel 6.9. Friluftsliv under retningslinjer; Skilje T-merking og varding. Nye vardar kan setjast opp etter løyve på ruter der det har vore vardar historisk sett, og når det er naudsynt av omsyn til tryggleiken.
- Under retningslinjer i kapittel 6.9. Friluftsliv; Det bør vurderast universal utforming på enkelte stiar i verneområdet og innfallsportane.
- I besøksstrategien som skal utarbeidast for verneområdet, må det vurderast kva område som bør tilretteleggjast som innfallsportar.
- Sykling og nye former for friluftsliv kan kommenterast under kapittel 6.9. Friluftsliv; Det bør vurderast om det er område som er særleg sårbare for ferdsel med sykkel, og om det bør tilretteleggjast for eigne sykkelløyper. Dette er tema som bør vurderast i ein sårbarheitsanalyse i samband med besøksstrategien.
- Droner kan omtalast under kapittel 6.15. Overskrifta på kapitlet vert endra til «Ureining, avfall og støy».
- Under retningslinjer i kapittel 6.7. Bygningar, kan teksten endrast med felles toalett der avstandane ikkje er for store.
- Tiltaksplan skal oppdaterast etter innspel i høyringa, og periode for tiltaksplan skal endrast til 2017 - 2020.

Verneområdeforvaltar kan ferdigstillast framlegget til forvaltningsplan med dei godkjende endringane og senda planen til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning.

### **Saksopplysningar**

Dokument i saka:

- Framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde
- Oppsummering av høyringsuttalar
- Referat frå møte i fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen, 2016
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde – fagleg gjennomgang. Miljødirektoratet 15.12.2015

### **Bakgrunn og vurdering**

Etter høyringsfristen var ute vart alle fråsegner lagt fram i møte med fagleg rådgjevande utval (FRU) for Stølsheimen. Dei kom med kommentar til alle fråsegnene. FRU støttar planen med dei endringane som er kommentert. Forvaltar har knytt kommentarar til fråsegnene under FRU sine kommentarar. Innspel på skrivefeil og mindre endringar vert fylgd opp og retta av forvaltar før planen vert sendt til godkjenning til Miljødirektoratet.

Gjennomgang av fråsegner:

### Bergen og Hordaland Turlag:

Innspel om varding på delar av sti mellom Vatnane og Åsedalen

Konklusjon frå FRU: Skilje T-merking og varding i forvaltningsplanen. Kva blir framstilt på kart som ut.no? Varda stiar er ikkje merkte stiar. T-merking må også ha samtykke frå grunneigarane. Ønskjer ikkje småvardar som vert sett opp av turistar. Varding (nye vardar) kan skje etter løyve på ruter der det har vore vardar historisk sett og når det er naudsynt av omsyn til tryggleiken.

Løypeplan for stiar skjer i samarbeid med m.a. villreinnemnd, turlaga, verneområdestyret som del av tiltaksplan i interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde. Denne planen er ikkje godkjend pr. i dag, blir truleg godkjend i 2016.

Kommentar frå forvaltar: Endring av kapittel 6.9. Friluftsliv under retningslinjer; Skilje T-merking og varding. Nye vardar kan setjast opp etter løyve på ruter det det har vore vardar historisk sett, og når det er naudsynt av omsyn til tryggleiken.

Løypeplan for stiar vert vurdert i som del av tiltaksplan i interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde.

### BKK:

Ta bort ei setning om pkt. i planen som er juridisk bindande. Ta inn ei setning om at verneforskrift ikkje er til hinder for bekkeinntak i Stordalen.

Konklusjon: FRU er samd.

Kommentar frå forvaltar: Endra teksten under retningslinjer kapittel 6.13. som omhandlar vasskraftutbygging, slik at det teksten samsvarar med verneforskrifta og ikkje kan mistydst.

### Ortnevik grunneigarlag (viser til referat frå ope møte 12.09.2016):

Anbjørg gjekk gjennom innspelet sidan dette ikkje er utdelt utvalet. Følgjande innspel:

- Stien/stølsvegen Ortnevik-Brekke Vikeskor-Storefonnoson-Solrenningane bør T-merkast.
- Motortransport (el-motor) med båt på Solrenningsvatnet for persontransport bør kunne få løyve. For andre formål kan det gjevast fellesløyve for til grunneigarlaget.
- Nye skogsvegar i liene ovanfor Brekke i Ortnevik. Vil vere vanskeleg i høve til verneforskrifta. Stølsheimen lvo vart ikkje omfatta av nye erstatningsreglar som gjekk tilbake til 2002. Er det urimeleg at grunneigarane i Stølsheimen ikkje fekk erstatning for tapt skog?
- Funksjonshemma: Nytt pkt i retningslinjer om vurdering av funksjonshemma sin tilgang ved vurdering av tiltak, særleg innfallsportar.
- Ortnevik som innfallsport: toalett og venterom på kaien.
- Namnefeil.
- Temakart kulturminne. Er kulturminne i Vassdalen korrekte?
- Er vernegrensa merkt rett i lia over Brekke?

Konklusjon: FRU tilrår at verneområdestyret følgjer opp ei erstatningssak for tapt skog. Ortnevik som innfallsport: Dette bør vurderast i besøksstrategien. Namnefeil må takast opp med kommunen og Statens kartverk. Forvaltar vil sjekke om vernegrensa er merkt rett i lia over Brekke.

Kommentar frå forvaltar: Verneområdestyret bør vurderer om erstatning for tap av skog i verneområdet skal takast opp som sak. Dette er ikkje ei sak som bør omtalast i forvaltningsplanen.

Ortnevik som innfallsport bør vera med i vurderinga i besøksstrategien som skal utarbeidast.

Under retningslinjer i kapittel 6.9. Friluftsliv bør det leggjast til at det skal vurderast universal utforming på enkelte stiar i verneområdet og innfallsportane.

Forvaltar melder feil på temakart kulturminne inn til kulturminneforvaltninga hjå fylkeskommunen.

Det er ikkje tillate med persontransport med motorisert køyretøy i verneområdet.

Persontransport er vurdert i forarbeidet til verneforskrifta. Persontransport er vurdert som eit tiltak det ikkje kan gjevast dispensasjon til. Slike saker må vurderast i kvart enkelt tilfelle på særskilt grunnlag og ved heilt spesielle høve jf. naturmangfaldlova § 48.

#### Sogn og Fjordane Bondelag:

Sjå innspel frå møte i Ortnevik 12.09.2016. Tillegg:

Ferdselsårer inn i området vert haldne i hevd og drifteveggar for beitedyr for økonomisk kompensasjon til restaurering.

Viktig med gode infotavler og t.d. toalett ved viktigaste innfallsportar.

Konklusjon: Ferdselsårer og drifteveggar bør takast opp i samband med stiltak og forvaltningsmidlar. Infotavler og toalett ved dei viktigaste innfallsportar høyrer heime i besøksstrategien.

Kommentar frå forvaltar: Bruk av tiltaksmidlar til ferdselsårer og drifteveggar vert vurdert under tiltaksplan. Infotavler og innfallsportar er viktige tema under besøksstrategien.

#### Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd:

Villreinjakt må omtalast på linje med hjortejakt.

Villreinnemnda ønskjer ikkje nye innfallsportar oppe på Vikafjellet. Ønskjer ikkje meir ferdsel ved Kvilesteinsvatnet.

Sykling og kiting bør takast opp i planen av omsyn til villrein, naturslitasje og andre som driv friluftsliv.

Konklusjon: Nye innfallsportar på Vikafjellet og ferdsel ved Kvilesteinsvatnet må vurderast i samla besøksstrategi for området. Ikkje endre formuleringar i forvaltningsplanen.

FRU meiner at besøksstrategi og kan ta opp om det bør gjerast endringar i rutenettet. Sykling og kiting er ikkje omtalt i verneforskrifta, men kan informerast om i forvaltningsplan.

Kommentar frå forvaltar: Villreinjakt vert tatt med i teksten under jakt og fiske kapittel 6.8.

Kva området som bør tilretteleggjast som innfallsportar bør vurderast i arbeidet med besøksstrategien.

Terrengsykling og nye former for friluftsliv kan kommenterast under kapittel 6.9. friluftsliv. Det bør vurderast om det er område som er særleg sårbare for ferdsel med sykkel, og om det bør tilretteleggjast for eigne sykkelløyper. Dette er tema som bør vurderast i ein sårbarheitsanalyse i samband med besøksstrategien.

#### Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Tek opp terrengsykling og informasjon bør omtalast i forvaltningsplanen, vise til besøksstrategi. Droner bør omtalast. Stølsmiljøet er viktig for landskapsvernet i Stølsheimen.

Konklusjon:

Terrengsykling og informasjon bør omtalast i forvaltningsplanen, vise til besøksstrategi. Droner bør omtalast under kap. 6.15 med tillegg om støy.

Styrke formuleringa om byggeskikk på stølane som integrert del av landskapsvernområdet. Ta inn i retningslinjer (tiltak etter søknad) at oppsynet skal følgje opp byggesaker og stølsmiljø.

Kommentar frå forvaltar: Terrengsykling bør omtalast i forvaltningsplan. Droner er ikkje tema i verneforskrifta. Det er aukande spørsmål om bruk av droner, og det er difor naturleg å ta det med i forvaltningsplanen. Droner kan omtalast under kapittel 6.15. Overskrifta på kapittelet vert endra til «Ureining, avfall og støy».

Vik Turlag:

Innspel på info, stisykling og bosshandtering

Konklusjon:

Besøksstrategi og stisykling vert teke opp til liks med andre fråsegner.

Bosshandtering. Opplyse på infotavler om at avfall inn skal ein ta med ut att. Plast bør sorterast for seg. Bosshandtering: Dialog og samarbeid med eigar og kommune. Påbod gjennom forureiningslova vil det vere eigar som betaler. SNO og verneområdestyret kan ta initiativ til opprydding, også som tiltak. Dersom det er boss og avfall som bør fjernast, må ein få gjennomført dette, ikkje at det vert rota bort i byråkrati.

Kommentar frå forvaltar: Handtering av avfall er omtalt i forvaltningsplanen. Betre opplysningar med reglar for handtering av avfall bør med nrå det vert utarbeid nye informasjonstavler. Dette er tema i besøksstrategien.

Ragnar Alrek på vegner av grunneigarlaga:

Vi gjekk gjennom innspela:

Konklusjon: Felles toalett på stølar der avstandane ikkje er for store. Enkelt saker som ikkje er aktuelle vert ikkje kommentert i forvaltningsplanen. FRU skal ta opp enkelt saker dersom dei har prinsipiell verdi.

Kommentar frå forvaltar: Under retningslinjer i kapittel 6.7. Bygningar, kan teksten endrast med felles toalett der avstandane ikkje er for store.

Impregnert materiale som er nytta i stien frå Stølsvatnet til Solrenningane er fjerna av Bergen og Hordaland turlag. Materiale som er i gamal sti frå Solrenningane til Ålrekstølen skal fjernast i 2017. Ny stitrase mellom Solrenningane og Ålrekestølen er valt ut i samråd med grunneigarane i området.

Skjøtsel på stølane skal skje i samråd med grunneigarane og etter faglege tilrådingar om skjøtsel av slåtteeng i fjellet.

Det er høve til å søkja verneområdestyret om løyve til motorferdsel. Motorferdsel er kommentert under innspel frå Ortnevik.

Fagleg rådgjevande utval har fått nye roller etter lokalt forvaltningsstyre vart oppretta i 2011. Fagleg rådgjevande utval si rolle er omtalt i forvaltningsplanen.

Enkelt saker som er handsama og avslutta vert ikkje kommentert i samband med innspel til forvaltningsplanen.

Vik kommune:

Vik kommune støttar framlegget til forvaltningsplan.

-----

## Fråsegner til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde – Oppsummering

Fråsegner frå

- **Bergen og Hordaland Turlag**
- **BKK**
- **Sogn og Fjordane Bondelag**
- **Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd**
- **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**
- **Vik Turlag**
- **Ragnar Alrek, på vegner av grunneigarlaga i Framfjord, Indrefjord, Nese, Strendene og for Ortnevik utmarkslag**
- **Vik kommune**
- **Innspel frå ope møte i Ortnevik**

**Oppsummering av fråsegner:**

### **Bergen og Hordaland Turlag**

Rutan Vatnane – Åsedalen:

*Turlaget ønskjer mulighet til å sette opp noen passende varder på deler av ruta, dvs. over Urdaskaret og fra Åsedalen mot Dagvatnet. Det bør på forhånd gås en befarings med gps med forvaltning og grunneiere som kjenner stien nøyaktig, med håp om at den kan litt mer farbar.*

### **BKK**

BKK har *ingen vesentlige merknader* til forvaltningsplanen, men

- Innledning i kap 3 (s 9): Det er litt kronglete skrevet rundt planen som ikke juridisk bindende.
- Kap 6.13 (s 43): *Det er viktig for BKK at muligheten for å utnytte bekkeinntak i Stordalen ikke forsvinner.* Det kommer ikke så tydelig fram. jf «Pkt V, 15 er gjennomført, med **unntak av bekkeinntak i Stordalen**». Det er ingen planer for øyeblikket å nytte dette, men ting kan endre seg fort. (sett i en forvaltningsplans perspektiv)

### **Sogn og Fjordane Bondelag**

*Vi ber om at det i den nye forvaltningsplanen vert opna opp for følgjande:*

- *Verneområdestyret kan ta ei ny vurdering på moglegheitene for å bygge ein traktorveg med vanleg skogsvegstandard i Lia ovanfor Brekke. Dette for å gje grunnlag for å kunne drive skogen, samt kunne gjere det mogleg for storfe å beite inne i landskapsvernområdet.*
- *Dersom det er liknande problemstillingar i andre bygder kring verneområdet bør dei vurderast samstundes.*
- *Det vil vere viktig å tilpasse forvaltninga i randsona på ein slik måte at ein sikrar framtidig busetjing og næringsliv i desse områda. Verken verneføremålet eller*

*landskapsvernområdet tener på at landbruket og beitenæringa i randsonene vert lagt ned. Det vil vere viktig å lytte og ta på alvor innspela frå dei grunneigarane som må leve med konsekvensane av vernet. For område som har vorte verna dei seinare åra har dette blitt gjort. Det er viktig at også tidlegare verneområdet får nytte godt av endra forvaltningspraksis der bruk og vern vert sett på som eit gode. Då kan det vere at vernestyresmaktene må vere meir lempelege i randsonene enn det nokon av grunneigarane kring Stølsheimen verneområde kjenner for seg.*

Andre kommentarar:

- *Det er viktig at ferdselsårer inn i området vert haldne i hevd og at drifteveggar for beitedyr får økonomisk kompensasjon til restaurering.*
- *Det bør opnast opp for at grunneigarar kan få lov til å bruke båt med motor til persontransport. Til dømes eit avgrensa tal turar på nokre vatn mot meldeplikt. Dersom båtføraren nyttar motor som ikkje medfører støy bør det kunne køyrast fleire turar.*
- *Det vil vere viktig med gode informasjonstavler og til dømes toalettfasilitetar ved dei viktigaste innfallsportane til verneområdet.*

### **Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd**

Villreinnemnda set pris på involveringa i arbeidet med forvaltningsplanen. Frå den nye organiseringa av verneområdeforvaltning vart etablert, dvs. med eige styre og tilsett verneområdeforvaltar, opplever me at verneområdeforvaltninga er bevisste på at det finst ei villreinstamme i området, der dei freistar å ta omsyn til denne i relevante saker, som. t.d. ang. motorferdsel og tilrettelegging for friluftsliv.

Planen som er lagt på høyring er i våre auge ein god og heilskapleg plan.

Me har nokre kommentarar angåande ulike avsnitt i kapittel 6., Forvaltning av Stølsheimen landskapsvernområde, desse fylgjer under i kronologisk rekkefylgje.

**Kap. 6.3 omhandlar utarbeiding av besøksforvaltningsplan.** Denne planen kan få stor betydning for villreinen, den kan føre til både positive og negative endringar avhengig av kva grep som vert gjort. I kapittel 6.3 vert det lagt føringar for denne planen. Det er positivt at ein allereie her omtalar utfordringa med aukande grad av aktiviteter i fjellområda ovanfor Myrkdalen som m.a. kan forstyrre eit av dei få moglege trekkrutene reinen har mellom aust og vestsida av Rv13 (Vikafjellsvegen).

Det vert og i samband med planlagd besøksforvaltningsplan foreslege tilrettelegging med parkering ved starten av stien til Raudberget ved Kvilesteinsvatnet og ein ny stitrase til Selhammar. Tilkomsten til det nemnde tur-startpunktet inneber bilkjøring på anleggsvegen til Kvilesteinsvatnet. Villreinnemnda stiller seg skeptiske til å generere auka ferdsel på denne vegen. Anleggs- og landbruksveggar er ei av utfordringane i område i høve til å skape uroing i sentrale beiteområde. Dagens nivå på ferdsle langs stiane i området er soleis ikkje opplevd som eit problem. Stenging av opne anleggsveggar i fjellet er eit moment som kan vurderast som avbøtande tiltak i samband med revidering av vilkår for kraftkonsesjonar. Det vil vere uheldig dersom ein først opparbeidar ny parkering for så å stenge vegen for allmenn ferdsle nokre år seinare.

Villreinnemnda ynskjer at ein gjennom denne planen kan få ein gjennomgang av dagens sti- og løypenett i verneområdet, for å belyse om nokre av traseane kan ha følgjer for villreintrekk.

**Kap. 6.8, Jakt og Fiske** Hjortejakta er spesifikt nemnd. Me saknar at villreinjakta vert nemnd på same måte; det der viktig at det synes i plandokumentet at det også utøvast villreinjakt i verneområdet.

**Kap. 6.9 Friluftsliv** omhandlar m.a. tilrettelegging for enkelt friluftsliv. Her vert det og skildra korleis tilrettelegginga skal ta omsyn til naturverdiane. Myrer er spesielt nemnde, sidan denne naturtypen er særleg sårbar for påverknaden frå friluftsliv, i form av trakk. Me saknar omtale av villrein på same måte, då denne viltarten er særleg sårbar i høve påverknad frå friluftsliv, i form av uroing. Me ser likevel med glede at omsynet til reinstrekk er inkludert i retningslinene. I retningslinene under tema friluftsliv (akp. 6.9.2) heiter m.a. at «Det bør ikkje opnast for merking av nye stiar i område som ikkje er merkte før, og som er viktige beiteområde for husdyr, eller viktige villreinområde.» Eit anna punkt seier «Kvisting av vinterløyper bør vurderast ut frå ferdsla i området og omsynet til naturmiljø, som leveområde for villrein. Verneområdestyret kan setja vilkår om å flytte kvisteruta, eller stoppe kvistinga av omsyn til villrein. Viser til vedlegg med kart over aktuelle kvista vinterruter.» Desse momenta ser villreinnemnda som svært positive, og understrekar at det er viktig at desse punkta blir ståande i den endelege planen.

Eit tidlegare planutkast hadde eit tredje punkt i høve til villrein, der ein opna for å kunne legge om stiar eller løyper som var i konflikt med reinen sine trekkruiter. Villreinnemnda var skuffa då dette punktet vart trekt ut. Villreinnemnda ynskjer ein revisjon av løypenettet der ein har moglegheiter til å gjere endringar av omsyn til vilt. Dette arbeidet bør kunne gjerast i samband med besøksforvaltningsplanen, som nemnd over.

Både av omsynet til villrein og av omsynet til Stølsheimen sine særtrekk bør innfallsportar leggjast til startpunktet, eller tidleg i «ruta» til tradisjonelle stølsvegar, dvs. under skoggrensa, og ikkje oppe på Vikafjellet.

I kapitlet om friluftsliv saknar me temaet Moderne former for friluftsliv, særleg kiting og terrengsykling. Moderne formar for friluftsliv vert tekne i bruk også i Stølsheimen. Det er viktig at forvaltningsplanen er føre var Fatbike på skaresnø er ein ny sport, og omfanget av både dette, av kiting og av terrengsykling om sommaren vil høgst truleg auke.

#### **Oppsummert:**

- *Planen er heilskapleg, og kan verte eit godt verktøy.*
- *Det er positivt at villrein er omtalt og står fram som ein av dei naturverdiane det er viktig å ta vare på i området.*
- *Ein bør ikkje legge nye innfallsportar til verneområdet oppe på Vikafjellet, men fylgje området sine tradisjonar der tilkomsten skjer langs stølsvegar.*
- *Villreinnemnda vil åtvare mot å bevisst auke ferdsla i området kring Kvilesteinsvatnet med ny tilrettelegging, og mot å gjere tiltak som aukar ferdsla på anleggsvegar. Dei retningslinene som bed om ivaretaking av villrein i samband med vurdering av nye løyper og kvisting av vinterruter er viktige å halde på. Det bør opnast for ein moglegheit for å legge om stiar av omsyn til viltet.*
- *Arbeidet med besøksforvaltningsplanen bør inkludere ein revisjon av rutenettet der ein m.a. ser på stiane sin verknad på sårbare naturverdiar. Villreinens trekkruiter og områdebruk lyt vere viktig kunnskap som inkluderast i denne gjennomgangen.*
- *Kapitlet om friluftsliv bør ta opp nye formar for friluftsliv, som t.d. kiting og terrengsykling vinter og sommar, som tema. Det bør gjerast grep for å unngå at «moderne» friluftsliv skapar konflikt med villrein og andre tema som t.d. terrengslitasje og konflikt med andre utøvarar av friluftsliv.*
- *Det bør kome fram at det utøvast villreinjakt i området, på lik linje med hjortejakt.*

#### **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**



Fylkesmannen ser det som svært positivt at den gamle forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde er vorte revidert. Planen legg etter vårt syn opp til ein god balanse mellom vern og bruk som gjer det mogleg både å oppretthalde verneverdiane og samstundes som området vert brukt til glede for ålmenta og grunneigarane.

- *Det er viktig at den tradisjonelle byggeskikken på stølane blir følgt opp i framtida, både ved vedlikehald, restaurering og dersom det skal setjast opp nye sel. Stølane er på sett og vis ein integrert del av vernet, jf namnet på landskapsvernområdet. Vi tykkjer framlegget har god omtale av kor viktig stølsmiljøet og byggeskikken er i Stølsheimen, med retningslinjer for å følgje opp dette.*
- *Bruk av dronar er ikkje omtala i planen. Sidan bruk av desse ser ut til å auke og kan bli ei utfordring bør bruk av drone få eigen omtale. Det bør utarbeidast retningslinjer for dronar i landskapsvernområdet, med tilvising til luftfartstilsynet si forskrift «Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.».*
- *Terrengsykling ikkje er omtala i planen. Sidan terrengsykling på stiar er i stor vekst, og stisykling kan gi stor slitasje på stiane, særleg i nedbørrike område, bør dette omtalast under friluftsliv. Det bør også utarbeidast nokre *retningslinjer for sykling* i landskapsvernområdet, med tilvising til reglane i friluftslova.*

Nye aktivitetar som bruk av drone og terrengsykling aktualiserer at verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde er byrja å bli gamal. Forvaltningsplanen kan vere eit utgangspunkt for å ta opp om det er behov for å revidere verneforskrifta.

### **Vik Turlag**

Vik Turlag vil gje følgjande innspel til den reviderte planen:

1. *Besøksstrategi: Bra med planar om besøksstrategi! Vik turlag blir gjerne med når det gjeld å finne eigna plasseringar for informasjonsskilt i Vik kommune.*
2. *Stisykling: Utviklinga har teke fart, også i Vik, og det er eit ganske stort konfliktpotensial knytt til denne aktiviteten. Stølsheimen landskapsvernområde er eit attraktivt område for stisykling. Ein bør ta stilling til dette i planen for å førebyggje konfliktar.*
3. *Bosshandtering i verneområdet: Sidan forskrifta opnar for både brenning og nedgraving av boss bør ein vere enda tydelegare i forvaltningsplanen kva som er ynskja. Prinsippet bør vere: minst mogleg emballasje inn i verneområdet, og alle tek med seg ut det dei bringer inn. Minst mogleg nedgraving, og i tilfellet berre matavfall (organisk). Brenning berre papp og papir, ikkje plast! Bergen og Hordaland turlag bør motiverast til å opplyse om dette i hyttene.*

### **Ragnar Alrek**

på vegner av grunneigarlaga i Framfjord, Indrefjord, Nese, Strendene og for Ortnevik utmarkslag

Impregnerte materialar (kreosothaldige jarnbanesviller) ligg framleis i stien langs Solrenningsvatnet, trass i grunneigar sin protest mot bruk av impregnerte materialar.

Når stien vert omlagt med ny bru frå Solrenningane til Alrek skal grunneigarane vere med og bestemme traséen.

Kalking av Gavlavatnet og Vaskevatnet skjedde utan at grunneigarar eller oppsynsmann vart varsla. Resultatet var negativt for fisken fordi det har medverka til overproduksjon i høve til mattilgang.

Før vernet var det vanleg å bruke små påhengsmotorar til transport av vare og folk på Solrenningsvatnet. Denne ferdselsretten er gjennom vernet teken frå grunneigarane då bruk at elektrisk påhengsmotor vert likestilt med vanleg påhengsmotor. Grunneigarane bør få ei form for avgrensa rett til motorferdsel.

Anleggsvegen inn til Raudberget ikkje ha vore øydelagd vegen ved å grave tvers over stikkvegar, slik at grunneigarane kunne bruke denne ilt nytte for deira næringsdrift.

Kjentmannskøyning med snøskuter har vore handsama for strengt i Stølsheimen. Det kom til ei ordning etter at dette vart teke opp i andre kommunar i Sogn.

Det var skapte for store vanskar at han vart nekta bruk av båt med påhengsmotor på Selhamarvatnet då han sette opp lavvo som bruk for gjestar.

«Utredning 2003-4 Friluftsliv for funksjonshemmede» konkluderte med at det bør gjennomførast eit pilotprosjekt med omsyn til å auke tilgjengelegheit for funksjonshemma i eit stort verneområde. Då underteikna ønskte eit slikt pilotprosjekt i Stølsheimen LVO ved å frakte eldre grunneigarar og evt. andre med særleg tilknytning til stølar i verneområdet vart dette avvist av Fylkesmannen sine representantar med ein gong. Sjølv om det har vore gjeve løyve til helikopterfrakt seinare, har derimot hjelparen måtta gå. Motorferdsel (helikopter, sjøfly og landbasert motortransport) vert handtert for strengt av forvaltningsstyresmakta, og grunneigarane må takast tilbørleg omsyn til.

Toalett og vedlager ved hytte i Grøndalen vart tolka altfor strengt, med avslag i første omgang.

Kvilebu til bruk i sauesankinga ved Vetle Dunevollvatnet vart handsama altfor strengt då han fekk avslag.

Grasslått på selbøar er eit unødvendig tiltak som medfører ein masse unødvendig motorstøy. Sølvbunketuor kan fjernast ved å spa dei opp med rota. Tiltaket er også feil for å hindre skog i å veksa innover selbøen, fordi eit tjukt graslag stengjer lys til frø og dei når ikkje jord å spire i. Kan motor nyttast til eit så unyttig tiltak, vil grunneigarane kunne nytte motor til nyttige formål!

Dersom rådgivande utval skal ha ein reell funksjon, må det få saken til handsaming og vedtak før dei skal gjennomførast. Å få dei som referatsaker i ettertid blir i somme tilfelle sandpåstrøing. Samarbeid med grunneigarane må bli eit nøkkelord for framtida.

### **Vik kommune**

Kommunestyret - 088/16:

#### **Det er gjort fylgjande vedtak i saka:**

Vik kommunestyre meiner framlegget til ny *Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde* er eit godt verktøy for å ta vare på og halde ved like Stølsheimen landskapsvernområde.

Kommunestyret peikar på at det er viktig at det vert gjeve løyve/dispensasjonar til ein stor del tiltak og aktivitetar knytt til landbruksdrift og turisme for å kunne ivareta

Stølsheimen. Fornuftig bruk er avgjerande for å kunne ivareta ein del av verneverdiane i Stølsheimen.

Vik kommunestyre kjem til at dei føreslegne retningslinjene, saman med gjeldande forskrift og lovverk, gjev rom for å kunne få løyve/dispensasjon til naudsynte tiltak som sikrar både god forvaltning og god bruk av området.

Vik kommunestyre støttar på denne bakgrunn framlegget til ny *Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde* og ber om at denne uttalen vert sendt til Stølsheimen verneområdestyre som høyringsuttale i saka. Samrøystes.

Rådmannen gjer merksam på debatten i kommunestyret der Morten Holmberg V ba om at ordet "fortsatt" på s. 13 i framlegget til forvaltningsplan, der drifta av gardsbruket i Finden blir omtala, vert stroke, jf. «Sakspapir».

### **Innspel frå ope møte om ny forvaltningsplan Stølsheimen landskapsområde, Ortnevik 12.09.2016**

- Møtet meiner gamal stølsveg Ortnevik Solrenningane må merkast på nytt. Resturere gamle vardar, evt, bruke sprakestur i tillegg slik som tidlegare. Stien bør også T merkast for å gjere stien sikker. Strekinga Storefonnosen til og med Vikjeskåra er viktigast.
- motortransport på Solrenningsvatnet. Møtet meiner kvar grunneigar må få lov å bruke båt med motor 2 turar kvart år til persontransport. Det må vere nok med meldeplikt for kvar tur.
- Veg. Det må gjevast løyve til å byggje vanlege skogsvegar i liene rundt Ortnevik inne i Verneområdet. Om det ikkje let seg gjere, må grunneigarane få erstatning for tapte inntekter på skogsdrift, beiting og andre dokumenterte tap. Det same må gjelde andre næringsmessige tap når vernereglane set stoppar for næringsverksemd.
- funksjonshemma. Det må leggst til rette for universell utforming i stølsheimen. Ein må alltid reflektere over dette ved sakshandsaming.
- Tilrettelegging for innfallsport eller startpunkt i Ortnevik. Verneområdestyret bør sjå på om dei kan vere med å legge til rette for toalett, venterom i bygda.
- Feil navn på Alrekstølen?
- Kolframstillingsannlegg i Vassdalen?
- Gamal busetnad Vassdalen?
- Er vernegrense rett i Lia over Brekke?

## **Oppsummering - Ope møte om forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde**

Stølsheimen verneområdestyre inviterte til ope møte om revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde i september 2016. Informasjon om møta og planen vart lagt ut på heimesida til verneområdestyret. Møta vart arrangert på fylgjande stader:

7. september kl. 19.00 - Kommunestyresalen på Voss.

8. september kl. 19.00 - Blix hotell i Vik.

12. september kl. 16.30 - Skulehuset i Ortnevik.

13. september kl. 18.00 - Kommunehuset i Modalen.

Program for møte:

- Orientering om høyringsprosess ved leiar i Stølsheimen verneområdestyre Olav Turvoll
- Orientering om innhaldet i forvaltningsplanen ved verneområdeforvaltar Anbjørg Nornes
- Spørsmål og kommentar til planarbeidet frå dei frammøtte

Det vart opna for å ha ope kontordag på dei same stadane som møta var. Det kom ikkje inn førespurnad frå nokon som ynskte om å koma på open kontordag.

Under er laga ei kort oppsummering frå hovudpunkt på møta. Deltakarane vart oppmoda om å senda skriftlege innspel til planen etter møtet.

### *Oppsummering frå møte på Voss*

4 deltakarar på møte.

Vaksdal kommune har utarbeid forskrift om brenning av avfall. Forvaltningsplanen bør oppdaterast med denne informasjonen.

### *Oppsummering frå møte i Vik*

16 deltakarar på møte.

- Samarbeid med grunneigarane er viktig før det vert sett i gang skjøtsel på stølar og stiar.
- Attgroing på stølar som ligg i skogen. Viktig med skjøtsel for å halda landskapet opent, og ta vare på kulturminne.
- Viktig av område innanfor vernegrensa kan brukast og at det ikkje er for strenge restriksjonar. Det må vera mogleg å nytta naturressursane på ein berekraftig måte.
- Sykling på stiar i verneområde bør omtalast i forvaltningsplanen. Det er ikkje alle stiar og området som er eigna for sykkel.

### *Oppsummering frå møte i Ortnevik*

12 deltakarar på møte.

- Stølsvegen mellom Solrenningane og Ortnevik bør merkast/vardast betre, gjerne som t-merka sti. Særleg området over høgjellet frå Storefonnosen til Vikeskora kan vera krevjande i dårleg ver.
- Grunneigarane ynskjer å få opning for persontransport med båt på Solrenningsvatnet.
- Det bør tilretteleggjast for funksjonshemma med universal utforming i dei område der det er praktisk mogleg.
- Ortnevik bør vera innfallsport til Stølsheimen.

- Det kom spørsmål om det er feil registrering av kulturminne i Ortnevik
- Fleire av stadnamna har feil skrivemåte

#### *Oppsummering frå møte i Modalen*

##### 5 deltakarar på møte

- Det er ei hytte/gjetarbu i Dyrebotnen som ikkje er avmerkt på temakartet med bygningar. Bygget er i Vik kommune.
- Forvaltning av rovdyr er ikkje omtalt i forvaltningsplanen. Det kom innspel på at det er viktig med streng forvaltning av rovdyr i område med beitande husdyr. Rovdyr vert forvalta av nasjonale myndigheiter og regionale rovviltnemnder, og er ikkje tema i forvaltningsplan for verneområdet.
- Det bør vera mogleg med motorisert transport av personar i særskilte høve.

Arkivsaksnr: 2016/4043-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 16.11.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	17/16	30.11.2016

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - Tiltaksplan og bestilling av tenester av SNO i 2017

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 30.11.2016

#### Handsaming i møte

SNO, Nils Kvamme og forvaltar orienterte om gjennomførte tiltak i 2016. SNO og forvaltar kom med framlegg til tiltak i 2017. Tiltaka i planen er sett opp i prioritert rekkefylgje.

Fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen har kome med råd til styret om at det bør vera eigen oppsynsstilling i inntil 50 % stilling i Stølsheimen landskapsvernomsråde. Kristoffer Ullern Hansen informerte om at det er nedskjeringar i budsjettet til Miljødirektoratet, og at det ikkje er sett av midlar til kjøp av oppsynstenester. Dette inneber at Kristoffer må bruke meir av tida si i Stølsheimen enn han har gjort tidlegare når det var ein avtale med Nils Kvamme om oppsynstenester. På bakgrunn av innspel og informasjon frå Kristoffer, vil styret i løpet av 2017 vurdere korleis saka bør fylgjast opp.

Tiltaksplanen vart samrøystes godkjent.

#### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre godkjenner fylgjande tiltaksplan for 2017 (kostnadane er eksklusiv mva):

Tiltak 2017	Samarbeidsaktørar	Kostnad	Prioritet
Skjøtsel av prioriterte stølar Negardstølen, Rotteskaret, Smørklepp, Sylvarnesdalen, Rosete, Fossesete, Finnafjorden	Prosjektleiargrunneigar/ SNO	120 000	1
Skjøtsel og utbetring av stølsvegar: Fossesete – Vatnane Nese – Rosete	Prosjektleiargrunneigar/ SNO	100 000	2
Restaurering og nye vardar på stølsvegar,	Grunneigarar	25 000	3

tradisjonelle vardar for stølsvegar			
Ny bru over Dårlegelva	Bergen og Hordaland turlag	20 000	4
Oppstartkostnad ved restaurering av bygningar som er ein viktig del av kulturlandskapet	Grunneigarar	50 000	5
Tiltak i innfallsport Ortnevik m/toalett. Fellesprosjekt med grendalag og andre	Ortnevik grendalag	33 000	6
Kunnskapsinnhenting, oppstart besøksstrategi	SNO	50 000	7
SUM		398 000	

<b>Bestilling av personalressurs SNO 2017</b>	<b>Dagsverk</b>	<b>Prioritet</b>
Kunnskapsinnhenting besøksstrategi, stiar for sykling	4	1
Tilsyn med status for verneskilt	3	1
Oppsyn dispensasjonssaker	3	1
Skjøtselstiltak i utvalde kulturlandskap, samarbeid med prosjektleiar	5	1
Delta i møter med styre og fagleg rådgjevande utval	3	1

## Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram til drøfting i møte.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for verneområdestyrer. Innmelding og behov for tiltaksmidlar og bestilling av tjenester av SNO – 2017. Miljødirektoratet 09.11.2016
- Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2015-2020
- Opplegg for gjennomføring av bestillingsmøtene
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 3 1998
- Tiltaksplan i framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2016
- Rapport frå SNO om utført arbeid i 2016

Verneområdestyre skal utarbeida fleirårige tiltaksplanar. Det overordna målet for forvaltning av verneområde er at verneformålet og verneverdiane skal ivaretakast. Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde legg føringar for bruk av tiltaksmidlar; «Gjennomføring av konkrete, praktiske tiltak i verneområdene er en del av forvaltningen av verneområdene og skal samen med praktisering av verneforskriften og annet arbeid bidra til å oppnå disse målsettingene». Verneområda skal forvaltast på ein måte som byggjer opp under verneformåla slik at verneverdiane ikkje vert reduserte eller vert øydelagde. Økosystema skal takast vare på for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane.

Det skal vera årleg evaluering av tiltaksplan. Tiltaka skal vera forankra i forvaltningsplanen for Stølsheimen og tilhøyrande skjøtelsplanar. Fagleg rådgjevande utval (FRU) for Stølsheimen, administrativt kontaktutval og SNO skal vera med i utarbeidinga av tiltaksplanen. Tiltaka i planen er lagt fram med bakgrunn i tiltaksplan i framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, evaluering

av gjennomførte tiltak i førre styreperiode 2012 og 2016, og vurderinga av pågåande tiltak og nye tiltak. Førre tiltaksplan gjekk ut i 2016.

Tiltaksplanen er grunnlaget for bestillingsdialogen med SNO, og innmelding av behov for tiltaksmidlar for 2017 til Miljødirektoratet. Tiltaksmidlane er statlege investeringsmidlar, jf. budsjettpost 1420.31, og kan gå til tiltak som er naudsynte for å ivareta verneføremålet. Tiltaka kan vera informasjon, skjøtsel, tilrettelegging og kjøp av naudsynt utstyr for å gjennomføra tiltaka. Forvaltningsstyresmakta skal sjølv disponera og prioritera kven som skal gjennomføra tiltaka. SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda.

I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2017.

## **Vurdering**

Forvaltar legg fram forslag til tiltaksplan for 2017 på bakgrunn av tiltaksplan i framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av evalueringsmøte med SNO av gjennomførte tiltak i 2016, og framlegg til nye tiltak frå grunneigarar og andre. Styret må gå gjennom innspela og prioriterer tiltaka.

Miljødirektoratet har gjeve føringar for arbeid i 2017. For aktiviteten i Stølsheimen landskapsvernområde vil fylgjande føringar vera aktuelle kommande år:

### Besøksstrategi

Alle verneområde skal ha levert ein besøksstrategi innan 2020. Arbeidet må difor koma i gang snarast mogleg. Forvaltar vil leggja fram sak for Stølsheimen verneområdestyre om oppstart av besøksstrategi i 2017. Det må vurderast behov for kartlegging av naturverdiar og kartlegging av besøk og reiseliv. Dette vil verta lagt fram i prosjektplan som vert lagt fram for styret i samband med oppstart av besøksstrategien.

### Merkevare

Alle tiltak som skal iverksetjast skal vera i samsvar med den nye merkevarestrategien.

### Kartlegging og overvåking

Verneverdiane skal liggja til grunn i kvar besøksstrategi. Det er difor viktig at det vert henta inn informasjon om naturverdiane som fyrste del i besøksstrategien.

Strategi for bruk av tiltaksmidlar gjev føringar for prioritering av bruk av tiltaksmidlar i verneområda. «*Det overordna målet er at tiltaksmidlane skal brukast slik at naturtilstanden i verneområdene bedres*». For Stølsheimen er det særleg skjøtselstiltak og tilretteleggingstiltak som er aktuelle. Pågåande skjøtelsprosjekt har prioritet 1, og tiltak i område som er akutt trua og med behov for skjøtsel har prioritet 2.

For besøksforvaltningstiltak har ferdigstilling av prosjekt som er starta opp og som er naudsynte for å ivareta verneføremålet prioritet 1. Tiltak som er lagt inn i besøksstrategien i forvaltningsplanar har prioritet 2.



Trong for midlar til vedlikehald av informasjonsmateriell, skilting m.m. kan meldast inn i tillegg. All informasjon om verneområda som vert finansiert med tiltaksmidlar skal vera i tråd med ny merkevare for verneområde. For alle tiltaka skal det leggjast vekt på; kostnadseffektivitet, samfinansiering med andre aktørar, prosjekt som involvera/drivast med dugnadsinnsats av grunneigarar, frivillige lag og foreiningar.

Ut frå erfaringar med tiltak i verneområda er det gjeve føringar på at større tiltak skal ha planavklaringar før tiltaka vert meldt inn. Det kan tildelast tiltaksmidlar til forprosjektering. Det kan brukast tiltaksmidlar på tiltak utanfor verneområde der tiltak både innafor og utafor verneområde er viktig for å ta vare på verneverdiane.

Ortnevik grendalag har planar om å sette opp eit informasjonscenter med venterom og toalett i tilknytning til kaien og butikken i Ortnevik. Dei ber om medfinansiering frå verneområdestyret til tiltaket. Ortnevik er eit viktig utgangspunkt for turar inn i Stølsheimen landskapsvernområde. Informasjon og tilrettelegging for dei besøkjande i startpunktet vil vera eit godt tiltak for verneområde. Grendalaget er i gang med planlegging av tiltaket, og vil stå ansvarlege for tiltaket. Tiltaket er utanfor verneområdet, og er planlagt å setjast i gang i 2017. Forvaltar vil rå til at tiltaksmidlar kan brukast til samfinansiering av tiltaket. Meir informasjon om tiltaket vert lagt fram i møte.

På bakgrunn av tiltaksplan som er utarbeidd for Stølsheimen i samband med forvaltningsplanprosessen, og føringar i strategi for bruk av tiltaksmidlar, legg forvaltar fram fylgjande innspel til tiltaksplan og behov for tiltaksmidlar for 2017:

<b>Tiltak 2017</b>	<b>Samarbeidsaktørar</b>	<b>Kostnad</b>	<b>Prioritet</b>
Skjøtsel av prioriterte stølar Negardstølen, Rotteskaret, Smørklepp, Sylvarnesdalen, Rosete, Fossesete, Finnafjorden	Prosjektleiari/grunneigari/SNO	120 000	
Skjøtsel og utbetring av stølsvegar: Fossesete – Vatnane Nese – Rosete	Prosjektleiari/grunneigari/SNO	100 000	
Restaurering og nye vardar på stølsvegar, tradisjonelle vardar for stølsvegar	Grunneigarar	25 000	
Ny bru over Dårlegelva	Bergen og Hordaland turlag	20 000	
Oppstartkostnad ved restaurering av bygningar som er ein viktig del av kulturlandskapet	Grunneigarar	50 000	
Tiltak i innfallsport Ortnevik m/toalett. Fellesprosjekt med grendalag og andre	Ortnevik grendalag	33 000	
Kunnskapsinnhenting, oppstart besøksstrategi	SNO	50 000	
SUM		398 000	

<b>Bestilling av personalressurs SNO 2017</b>	<b>Dagsverk</b>	<b>Prioritet</b>
Kunnskapsinnhenting besøksstrategi, stiar for sykling	4	
Tilsyn med status for verneskilt	3	
Oppsyn dispensasjonssaker	3	
Skjøtselstiltak i utvalde kulturlandskap, samarbeid med prosjektleiari	5	
Delta i møter med styre og fagleg rådgjevande utval	3	



Arkivsaksnr: 2014/46-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 18.11.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	18/16	30.11.2016

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - drift av styret 2017

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 30.11.2016

#### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar. Fyrste møte i 2017 er 22. februar.

#### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyr skal møte jamleg i 2017 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen, besøksstrategien og gjere vedtak i dispensasjonssaker.

Styret kan sikte på følgjande årshjul:

22. februar:	Styremøte
Mai:	Styremøte
Juni:	Styremøte med overnatting/synfaring
Sept:	Styremøte med overnatting/synfaring
Okt:	Styremøte/dialogmøte med FRU
Nov./Des:	Styremøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte eventuelt avlysast/utsettast.

Budsjett for drift av styre vert lagt fram for godkjenning i møte. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 9. januar 2017.

## Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyr skal møte jamleg i 2017 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen, besøksstrategien og gjere vedtak i dispensasjonssaker.

Styret kan sikte på følgjande årshjul:

Feb./Mars:	Styremøte
Mai:	Styremøte
Juni:	Styremøte med overnatting/synfaring
Sept:	Styremøte med overnatting/synfaring
Okt:	Styremøte/dialogmøte med FRU
Nov./Des:	Styremøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte eventuelt avlysast/utsettast.

Budsjett for drift av styre vert lagt fram for godkjenning i møte. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 9. januar 2017.

## Saksopplysningar

Jamfør vedtektene *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). Mellom 2011 og 2015 hadde verneområdestyret møte mellom fire og seks gonger i året.

Miljødirektoratet løyvde kr 180 000,- til drifta av Stølsheimen verneområdestyre for 2016, og kr. 80 000 til revidering av forvaltningsplan. Etter styremøtet 30. november reknar forvaltar med at det meste av midlane er brukt.

I brev frå Miljødirektoratet datert den 27.10.16 vert verneområdestyret invitert til å søkje om midlar til drift for neste år. I brevet står det:

*Ved søknad om midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrene må det settes opp et budsjett som viser forventede utgifter til reise- og møtegodtgjøring for medlemmer av styrene, samt evt. reiseutgifter for medlemmer av rådgivende utvalg.*

*Ved søknad om midler til dekking av utgifter i forbindelse med utarbeiding av forvaltningsplaner, besøksstrategier og skjøtselsplaner, kan det søkes om midler til utgifter som nødvendige kartlegginger og medvirkningsprosesser (møter).  
(...) Det forutsettes at nasjonalpark-/verneområdestyrene og fylkesmennene setter opp forslag til budsjett i samarbeid. Fylkesmannen sender samlet budsjettforslag til Miljødirektoratet på vegne av alle styrene de fører regnskap for i eget fylke.*

Forvaltar legg fram framlegg til budsjett for drift av styret og forvaltningsplanarbeidet under møtet. Frist for søknad om midlar til dette føremålet er 9. januar 2017.

## Vurdering

Styret er veldig interessert i å komme seg ut og sjå på tiltak og prosjekt i landskapsvernområdet. Styret bør få til minst eitt slikt møte med synfaring i løpet av sommarsesongen, kanskje to. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt er mellom

juni og september/oktober, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. I forslag til innstilling er det foreslått juni og september. Det går også an å invitere varamedlemmer og/eller Fagleg rådgjevande utval til eit slikt møte/synfaring for å drøfte større saker, som t.d. besøksstrategi.

Det tek tid å komme seg inn i landskapsvernområdet. Det er ofte langt for enkelte styremedlem å komme seg til ein møtestad, eller det er mange høgdemeter inn i verneområdet. Dersom ein t.d. held styremøte ein ettermiddag/kveld, overnattar og tar ein synfaring dagen etter, vil ein kunne få til ein lenger tur i området. I 2016 hadde styret eit møte med synfaring der me gjekk frå Bjergane til Åsedalen. Det var møte om ettermiddagen og heimtur til Arnafjorden dagen etter på.

I samband med arbeid med besøksstrategi, kan det vera aktuelt å kombinera styremøte med grendamøter.

To viktige møtetidspunkt for verneområdestyret kvart år er i mars og i november/desember. I mars er det prioritering av tiltak, og i november/desember er det planlegging av tiltak for nest år.